



Vår ref.: 2005/8497

Dykkar ref: 200504026 EO

HI/an

Arkivnr.: 008

Vår dato: 30.11.2005

Justisdepartementet
Lovavdelinga
Postboks 8005 Dep
0030 Oslo

JUSTISDEPARTEMENTET	
07 DES 2005	
SAKSNR.:	200504026
AVD/KONT/BEH:	LOV/EOI/HI
DOK.NR.	37
ARKIVKODE:	

Høyring - NOU 2005: 8 Likeverd og tilgjengelighet

Fylkesmannen viser til brev av 01.01.07 der det er bede om merknader til NOU 2005: 8 "Likeverd og tilgjengelighet",

Fylkesmannen er samd med utvalet i at det bør takast eit krafttak for å betre livskvaliteten for funksjonshemma. Det er svært viktig å motarbeide diskriminering på grunnlag av nedsett funksjonsevne. Utvalet viser at på ein god måte at dette kan gjerast på fleire område. Innføring av sektoransvar er viktig og heilt parallelt til at sektoransvar blei innført i miljøvernarbeidet som oppfølging av Verdiskommisjonen for miljø og utvikling" (Gro-kommisjonen) for ca. 15 år sidan. Å betre situasjonen for funksjonshemma er eit nasjonalt politikkområde, og har såleis ei rekkje fellestrekk med miljøarbeidet.

Når dette er sagt, kan vi ikkje late vere å peike på kor viktig det er å vere realistisk i forhold til forventningar til arbeidsliv og til å delta på alle samfunnsområde på linje med funksjonsfriske. Vi kan alle ønske oss ei idealtilvære der alle skrankar er borte. Ei slik målsetjing er neppe realistisk, sjølv i eit rikt land som vårt.

Fylkesmannen stiller seg vidare spørjande til om ei ny lov er rette vegen å gå. Det kan bli ei stor utfordring å følgje opp intensjonane i lova både med omsyn til kompetanse, organisering m.v. Mange av dei føreslegne lovreglane er alt med i dagens lovverk og andre kan innarbeidast i eksisterande lovverk. Vi viser i denne samanheng også til intensjonane om å plassere ansvaret i den enkelte sektor.

Innafor utdanningsfeltet, til dømes, har prinsipp om tilpassa opplæring og inkludering vore lagde til grunn sidan Lov om grunnskolen vart endra i 1975. Då vert den såkalla "integreringslova" vedteken. Sidan då har alle born hatt rett til opplæringa si i heimeskolen. Desse rettane er vidareførde i opplæringslova, som gjeld både for grunnskolen og vidaregåande opplæring, og som vart sett i verk fullt ut frå 01.08.99.

Også barnehagelova har reglar om funksjonshemma, men heimel for spesialpedagogisk hjelp før opplæringspliktig alder er i opplæringslova.

I framlegget til lov er det lagt opp til eit omfattande system med klage, anke, tvangsmulkt og domstolsbehandling. Dette vil krevje store ressursar både av enkeltmenneske og styresmaktene. Apparatet bør vere så enkelt som mogleg. Gode rutinar og klare heimlar og

Postadresse:	Besøksadresse:	Telefon:	e-post:	Landbruksavd.	Telefon:
		51568700	postmottak@fmro.no	Lagårdsv. 80	51568700
Postboks 59	Lagårdsv. 78	Telefaks:	Heimeside:	Postboks 59	Telefaks:
4001 Stavanger	Stavanger	51568811	www.fylkesmannen.no/rogaland	4001 Stavanger	51568811

fullmakter hos til dømes Fylkesmannen knytt til innspel til nye kommunale planar og byggverk, vil vere den beste måten å sikre god gjennomføring av den nye politikken utan for mange omvegar.

Forslaget til lov § 11 legg vesentleg makt til plan- og bygningsstyresmaktene og føreset i store trekk same saksbehandlingsreglar som i plan- og bygningslova. Dette gjeld mellom anna vedtak om unntak frå lova. Utvalet foreslår likevel at Likestillings- og diskrimineringsnemnda skal inn som klageorgan når det gjeld dispensasjonsvedtak. Vi viser til at Fylkesmannen i dag er klageorgan for kommunale dispensasjonsvedtak etter plan- og bygningslova og kan ikkje sjå vesentleg grunnar til at ikkje denne ordninga skal kunne gjelde også på dette feltet. Ei slik klageordning bør i alle høve vurderast.

Fylkesmannen har merka seg at representantane i utvalet frå KS og NHO er motstandarar av, eller skeptiske til, ei rekkje av framlegga til ny lov og lovendringar. Dette lovar ikkje særskilt godt, i og med at kommunane vil vere sentrale i arbeidet med å nå dei nasjonale mål og krav på dette feltet. Vi går ut frå at skepsisen mellom anna skuldast redsle for store økonomiske utteljingar i samband med til dømes oppføring og endring av bygningar og anna infrastruktur for å oppnå tilgjenge for alle. Vi meiner utvalet ikkje har fått klart nok fram at ved å få inn omtanken for funksjonshemma alt i planlegginga av nye bygg og i byutvikling, vil kostnadsauken bli liten om nokon i det heile.

Innarbeiding av omsyn til universell utforming etter § 11 i lovforslaget, vil starte med utforming av kommune- og reguleringsplanar. Fylkesmannen får alle slike planar til høyring, og legg mykje arbeid i å gje innspel til planane gjennom merknader, faglege råd eller motsegner. Fylkesmannen har såleis gode muligheiter til å påverke planutforminga. Vi opplever ofte at kommunar av ulike grunnar ikkje er samde i den nasjonale politikken. Det er derfor avgjerande for å få gjennomslag, også når det gjeld omsynet til universell utforming, at Fylkesmannen får effektive fullmakter, verkemiddel og ressursar for å fremje den nasjonale politikken i samband med kommunane sitt planleggingsarbeid. Røynslene frå miljøvernfeltet viser at Rikspolitiske retningsliner til plan- og bygningslova er effektive, og synest nødvendige for at nasjonal politikk skal kunne gjennomførast lokalt. Både utgreiinga og dagens plan- og bygningslov legg opp til at kommunane skal ha tor gjennomføringsmakt. Dermed får også kommunane høve til å la vere å gjere noko. Våre røynsler viser at mjuke verdiar treng harde verkemiddel for å bli tekne vare på.

Avslutningsvis har vi ein konkret merknad til §10 tredje ledd i lovframlegget: "Kommunal myndighet" blir gitt makt til individuell tilrettelegging av tilbodet. I barnehagesektoren er det stor privat verksemd, og plikta bør leggjast til barnehageeigar.

Med helsing


Tora Aasland


Harald Thune
ass. fylkesmann